

**Sakshandsamar:**  
Ingeborg Lysne Mcevoy  
E-post: Ingeborg.Lysne.Mcevoy@sfj.no  
Tlf.: 57638173

Kommunar og andre aktuelle høyringsinstansar

**Vår ref.**  
Sak nr.: 17/8674-1  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Dykkar ref.**

**Dato**  
LEIKANGER, 07.11.2017

## Vestlandsfylka sin handlingsplan for cruise-strategi 2018-2020 - høyring

### Innleiande

Det er no utarbeidt eit høyringsutkast til handlingsplan for cruisestrategien. Denne syner tiltak for å få sett i verk den cruisestrategien som vart vedteken av Vestlandsrådet i november 2016. Handlingsplanen vert no sendt ut på høyring, med høyringsfrist 2.januar 2018. Handlingsplanen vert deretter behandla i kvar av dei fire fylkeskommunane, og deretter vedteken av Vestlandsrådet.

### Kort om handlingsplanen for cruisestrategien

Handlingsplanen femnar om dei to viktigaste innsatsområda innan cruise

- Klima og miljø
- Auka verdiskaping på land

Med ein venta vekst i framtidig cruisetrafikk må vi setje inn tiltak for å ta vare på natur, miljø og samfunna våre, og klima og miljø er følgeleg eit særskilt viktig innsatsområde. Auka trafikk er eit godt høve til å styrke innteninga i cruiserelatert verksemd på land, noko om skaper arbeidsplassar og ei inntening som kan vidareutvikle reiselivstilboda våre.

Innan desse to innsatsområda syner handlingsplanen ei rekkje tiltak. Fylkeskommunane og Vestlandsrådet har avgrensa handlingsrom til å gjennomføre tiltak innan cruise, og mange av tiltaka ber preg av å påvirke aktuelle aktørar til å ta grep.

Som ein del av arbeidet med handlingsplanen har ein hatt samtaler med sentrale aktørar som arbeider med cruise. Ein har også hatt nytte av høyringsinnspel som kom inn i samband med høyring av sjølvne cruise-strategien i 2016.

Handlingsplanen er utarbeidt av dei fire fylkeskommunane i samarbeid, og med Trond Amland frå 2469 Reiselivsutvikling som innleigd konsulent.

Utkastet til handlingsplan vart drøfta i Vestlandsrådet sitt møte 25.oktober, og Vestlandsrådet vedtok då å sende handlingsplanen ut på høyring. Høyringsutkast til handlingsplan for cruise-strategien ligg ved her.

### Vi set pris på innspel seinast 2.januar 2018

Frist for å sende inn innspel til handlingsplanen er 2.januar 2018. Innspel kan sendast inn til [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no), eller Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger.

Dersom du har spørsmål kan du sende ein e-post til: [ingeborg.lysne.mcevoy@sfj.no](mailto:ingeborg.lysne.mcevoy@sfj.no) eller [endre.hogalmen@sfj.no](mailto:endre.hogalmen@sfj.no)

Med helsing

Jenny Følling  
Fylkesordfører i Sogn og Fjordane og leiar av Vestlandsrådet

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Vestlandsfylka sin handlingsplan for cruise-strategi 2018-2020 - høyringsutkast

Mottakar (ar)

Kommunar og andre aktuelle høyringsinstansar